



Lindås ungdomsskule
5955 LINDÅS
Tlf. 56375054
lindas.ungdomsskule
@lindas.kommune.no

REFERAT FRÅ MØTE I FAU 08.01.2019

Dei som møtte: Siri Øksnes, klasse 8a, Erlend Vakt skjold, klasse 8b, Marit Sæbø, klasse 9b, Hege Rikstad, klasse 10a og Solveig Holsen, klasse 10b.

Referat frå forrige møte, og sakliste til møtet, vart godkjende.

Sak 20 – 18/19 Barsedisco 08.02.19 18-20 (karneval)

8. klasse skal vere arrangørar denne gongen. Marit Sæbø gir kjøreplan / dreiebok til Ida Marie Nordahl. Klassekontaktar 8.klasse samlar seg snarast for planlegging.

Sak 21 – 18/19 Sak 21 – 18/19 Planar for vårhalvåret, oppretting av arbeidsgrupper.

Sidan det var så lite frammøte denne gongen vart ikkje møte punktet drøfta.

Sak 22 – 18/19 Økonomi

Kontantbeholdning er pr. i dag 63.213,- etter at inntekter frå 17. mai 2018 er overført. Dette er eit godt utgangspunkt.

Typiske hovudpostar i eit normal-år vart oppsummert slik:

- Inntekter – 17. mai, barsedisco, foreldre/elevkveldar med h.v. om lag 20.000, 10.000x3 og 10.000 i inntekter.
- Utgifter er leirskule og skidag (transportkostnader).
- Andre aktivitetar er i utgangspunktet kostnadsnøytrale.

Med bakgrunn i dette vart det bestemt at vi i år ikkje samlar inn pengar under foreldre/elevkveld, samt at vi har korgfest ved FAU avslutninga.

Sak 23 – 18/19 Tilbakemeldingar frå skulen

- Det vert foreldre/elevkveld for 10.klasse 24. januar. Skulen er arrangør, men foreldra tek med mat til felles-bord. Informasjon

- kjem frå skulen.
- Skuleball 31.01.19. Alle klassar må stille med fire vaksne som vakter:
 - to i tidsrommet 18:30 – 21:15
 - to i tidsrommet 21:00 – 23:30
 - Klassekontaktar organiserer i sin klasse og sender namn til rektor snarast.

Sak 24 – 18/19 Eventuelt

- Gjennomføring av 17. mai vart kort drøfta
- Kjøpepress i samband med skuleaktivitetar som leirskule, skidag og ball vart diskutert. Dette vert eiga sak i eit seinare møte.